

Valliste-problem i Venstre

13.05.2011



Desse var med på nominasjonsmøtet i Venstre. Foran sit ordførarkandidat Kjell Yri og styreleiar Kristian Bringedal (Foto: Ola Matti Mathisen)

På grunn av eit mistak har Venstre i Kvinnherad fått problem med vallista slik at dei 3 fyrste likevel kanskje ikke får røystetillegg som partiet ynskjer.

Lista blir toppa av ordførarkandidat Kjell Yri frå Uskedalen. Valstyret skal ha saka til handsaming 19. mai, opplyser styreleiar Kristian Bringedal til uskedalen.no

Bringedal skriv i eit brev til valstyret at partiet ved eit mistak leverte inn lista utan at dei 3 fyrste kandidatane fekk uthøva skrift. Han strekar under at det i arbeidet med lista har vore ein klar føresetnad at dei 3 skal ha uthøva skrift.

Her visar han som dokumentasjon til referatet frå styremøte, framlegg til liste frå nominasjonsnemnda og mediaomtale etter nominasjonsmøtet. og ber valstyret om at lista vert retta.

I referatet heiter det at Kjell Yri, Rasy Aak Toresen og Håvard Bakke samråystes vart valde på dei 3 fyrste plasane og at desse fekk røystetillegg.

Kristian Bringedal håpar valstyret brukar sunn fornuft og godkjenner lista slik ho var tenkt. Ellers kan partiet mista 'sikre' representantar. Men sekretær Geir Mogren i valstyret seier til Kvinnheringen at han vil innstille på godkjenning av lista slik ho føreligg. Så spørst det kva politikarane i valstyret gjør,

Av Ola Matti Mathisen